

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 2

Mai 2024

Årgang 90 år



**Leiar skifte i Fusa
frivilligsentral S.4-5**



**Walk and Run 1.juni
S. 6-10**



**Kristenretten 1000 år
S.16**



**Konsert med Henning
Sommerro 23.august
S.17**

FUSA sokn

Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandssosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Assisterande kyrkjevevjer

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26

Hildegunn Myrliid Eide 97 65 01 55

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjørn 97 71 17 23

Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Fusa frivilligsentral 56 58 01 14

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandssosen

Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

Framsida:

Konfirmantar i Fusa sokn 2024.

Foto: Beate Holmefjord

REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus hm629@kyrkja.no
Toril Hjartåker Hauge th298@kyrkja.no

«Alt har si tid»

Det er på mange måtar fint å bu her vi bur. Trygt og godt, stabile forhold og gode ordningar i samfunnet. Og så årstidene. Vekslande og variert. Frå kulde og mørke til liv, vekst, lys og varme. Alt har si tid. Det gjeld i livet også. No står eg på slutten av mi tid som fast tilsett prest i kyrkja. Og det har vært litt forskjellige årstider der også. Frå mykje initiativ og kreativitet som ungdomsprest til meir refleksjon og forkynning som sokneprest. Alt har si tid. Og livet forandrar seg undervegs.



Sokneprest
Einar Ekerhovd

Av og til, når vi tenker etter, så har vi det så godt at vi kan komme i fare for å gløyme Gud oppi alt. Jau, han er der, men det er ikkje alltid vi reknar med han. Livet går greitt.

Når eg ser tilbake, så ser eg spor av Gud i mitt liv. Han var i mi fortid, han er i mi notid og han kjem til å vere i mi framtid. Det er noko stabilt som står fast. Det Gud gjer, står gjennom alle tider.

Mi fortid: «Auga dine såg meg då eg var eit foster. Alle dagar er skrivne opp i di bok, dei fekk form før éin av dei var komen». (Sal 139, 16)

Mi notid: «Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.» (Jes, 41, 10)

Mi framtid: «For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankekar og ikkje ulukkekar. Eg vil gje dykk framtid og von.» (Jer. 29, 11)

Når det er skiftande tider og forandring skjer i livet, så er det noko som står fast gjennom alt og alle tider. Gud er større.

David sette ord på denne tryggleiken ved å lite på Herren i alle ting og alle dagar. «Herren er min hyrding, eg manglar ikkje noko. Han lét meg liggje i grøne enger, han fører meg til vatn der eg finn kvile. Han gjev meg nytt liv.» (Salme 23, 1-3)

Det er godt å rekne med Gud i kvardagen. Han har vore med alle dagar, og han møter oss alle i vår framtid. Han er ustoppelig i sin iver etter å vere Gud for oss.

I store delar av mi prestetid og teneste har dette vore mitt motto: «Rekn med Gud»

Amen!

På framsida ser me konfirmantkullet i Fusa sokn 2024. Fotografi av konfirmantane på sjølve konfirmasjonsdagen deira kjem i neste nummer av kyrkjebladet. Dette nummeret måtte i trykken før konfirmasjonane fann stad.



Foto: Den norske kyrkja.



Frå Trusopplæringa i Fusa sokn

Dåpsskule for 5- og 6-åringar

Hei alle som er 5 og 6 år, de som er fødte i 2018 og 2019!

Du er invitert til dåpsskule! Tre samlingar denne gongen. Fint om du set av dato. Dette er eit tilbod om gardsbesøk med nærkontakt med dyr. Det er også ei flott ramme i høve bibelforteljing, song og lek.

Påmelding til: Hildegunn Myrliid Eide Tlf. 97650155. Mail: hm848@kyrkja.no

Indrebø gard: Anne Gramstad og Erns Ove Indrebø. Møtepunkt for dei som bur i Søre Fusa, Hålandsdalen og Eikelandsosen	Tirsdag 21. Mai Kl.17.30-18.30	Tirsdag 28. Mai Kl.17.30-18.30	FELLESSLING FOR ALLE: -Utdeling av diplom -Konsert m. Fusa og Samnanger Soul Children -Eikelandsosen bedehus 2. Juni Kl. 16.30
Garden til Gjuvsland i Juvik på Vinnes. Møtepunkt for dei som bur i Fusa, Vinnes og Strandvik	Onsdag 22. Mai Kl. 17.30-18.30	Onsdag 29. Mai Kl. 17.30-18.30	FELLESSLING
På garden til Silje Anette og Lars Ottar i Holmefjord. Møtepunkt for dei som bur i Holmefjord.	Torsdag 23. Mai Kl. 17.30-18.30	Torsdag 30. Mai Kl. 17.30-18.30	FELLESSLING



Glimt frå dåpsopplæringa 2022.

Foto: Fusa sokn

Babysong

Det har vore 6 samlingar denne våren. 14 barn med mor eller far har deltatt.

11. mars hadde me flott avslutning for gruppa med musikkstund oppe på Fusa bu- og behandlingssenter i Eikelandsosen. Det er fantastisk å sjå gleda dei eldre har av song, musikk og kos med baby. Me høyrer saman! Her er bilete av dei som var med denne dagen.

Det vert nytt kurs med babysong til hausten.
Oppstart etter haustferien. Velkommen!



Foto: Hildegunn Myrliid Eide

Påskeforteljinga i barnehagane

Kyrkjelydspedagog Hildegunn Myrliid Eide besøkte seks barnehagar før påske. Påskeforteljinga er spennande. Me hadde song, musikk og påskerapp. Fin stund!

Biletet er frå Jettegryto barnehage.



Foto: Line Ragnhildstveit



Leiar skifte i Fusa frivilligsentral

Dei mange, gode kreftene - og koordinatoren mellom dei

Tekst: Toril Hjartaker Hauge

Eigentleg ville den påtroppande leiaren i Fusa frivilligsentral førebu seg grundig til samtalen vår ved å notera ned stikkord om kva ho skulle seia, men akkurat denne fredags morgonen fekk ho nys om at det var nokre spekkhoggarar på ferde uti Ådlandsfjorden. Dermed heiv ho seg i båten og drog på spekkhoggar-safari i staden. Det trur eg ho gjorde rett i, og der trur eg me har litt av kjernen i Linda Cecilie: Ei som kan ta livet på sparket, og ei som har teft for kva som er det viktigaste i augneblinken. Då avtaletidspunktet vårt kom litt seinare utpå dagen, var det aldeles ikkje vanskeleg å finna noko å snakka om, - heilt utan stikkord.



Matland gard, der Linda Cecilie bur, har mange sauer, og fleire blir det når vårens lemming er overstått.

Foto: Privat

Overgang utan brudulje

Det er Victoria Tverli Dale som stødig har leia Fusa frivilligsentral dei siste sju åra, berre med eit par års opphald då ho var i fødselspermisjon. No har ho takka ja til å verta Bolaks sin administrasjonskonsulent. I den stillinga får ho nytte av mykje av den same kompetansen ho har brukt i Frivilligsentralen. – Eg kjem til å jobba med litt av kvart der. Mange av oppgåvene går inn under HR, dvs. Human Resources, leing av menneske, og det er stort rom for kreativitet.

Linda Cecilie Reigstad Matland kjem frå stillinga som kontaktlærer ved Samnanger barneskule. For å ivareta frivilligsentralen på ein god måte, har Victoria og Linda vore saman på ein del arrangement og hatt verdifull tid på kontoret ein del dagar i vår. Linda har med god vegleiing av Victoria, sett seg inn i drifta og har fått møta mange nye menneske. Frå 1.mai har ho vore dagleg leiar på eiga hand samstundes som ho har fått lov til å følgja 7.-klassen sin i Samnanger i deira siste tid i barneskulen. Ut skuleåret vil ho difor undervisa klassen sin måndagar og tysdagar. For sine nye kontaktar i Fusa frivillig-verd er ho tilgjengeleg på telefon og e-post også desse dagane.

Det synest ikkje som om den nye leiaren har tenkt å bruka

myndet sitt til å endevenda frivilligsentralen. – Eg ynskjer først og fremst å bli kjent med dei gode menneska bak alle dei frivillige tiltaka og aktivitetane i bygda. Berre slik kan eg sjå kva eg kan gjera for at kvar enkelt frivillig skal kjenna seg verdsett og ivareteken.

Frå sidelinja kan Victoria informera om at det er snakk om over 100 frivillige som er i sving under sentralen i løpet av eit år. Det kjem godt med at læraren Linda Cecilie har trening i å hugsa namn og fjes. – Eg har bede dei eg møter, om å ha tolmod med meg. Eg kjem nok til å spørja om att etter namn nokre gonger.

Drivkraft og glede mellom generasjonane

Frivilligsentralen rommar alle aldersgrupper, og både Victoria og Linda Cecilie ser det som ei av sine fremste oppgåver å vera bindeledd mellom unge og gamle.

- Eg blir så imponert over drivkrafta og verdiane dei eldre, frivillige bringer med seg til fellesskapet, seier Linda Cecilie. – Og eg tenkjer ein del på korleis me kan få vidareført og ivareteke dette til blant anna dei yngre i samfunnet vårt? Min første tanke er om me kan leggja endå meir til rette for at born og unge ynskjer å delta på fleire aktivitetar og arrangement gjennom frivillig arbeid? Vel å merka har frivilligsentralen i dag eit samarbeid med både ungdomsskulen og vidaregåande gjennom valfaget «Innsats for andre» og elevbedrifta «Spisevenn». Gjennom desse tiltaka får unge og eldre tid saman. Tenk om me kan skapa fleire slike arenaer der eldre og unge møtes? Mi erfaring frå skulen er at mange unge i dag kan kjenna seg einsame i ein sårbar alder. Det å treffa andre fysisk er ikkje like lett som før i tida, sidan møteplassen for unge no ofte er mest digital eller gjennom ein organisert aktivitet. «Open hall» er difor tenkt som ein arena der dei lett kan stikka innom etter skuletid, få seg eit varmt måltid, delta på inkluderande aktivitet eller berre prata litt med kvarandre og møta trygge vaksne. Gjennom dette tiltaket er målet vårt å skapa eit rom for ein fellesskap med inkluderande aktivitetar og tid til kvarandre.

- For eit par generasjonar sidan vart nok ungdommen i overkant innprenta at ein måtte tilpassa seg samfunnets normer og krav; det var farleg å skilja seg ut og skapa folkesnakk. No er det gått hin vegen; samfunnet er kanskje vel mykje individfokusert, og tendensen er at ein må tenkja på seg sjølv og sine og slett ikkje bry seg om kva andre meiner. Det kan kanskje vera litt i strid med å kunna kjenna på å høyra til eit fellesskap i samfunnet og kunna gleda seg over å gjera noko for andre, - vera ein del av noko større.

- Drivkrafta og verdiane dei eldre frivillige viser, kan ikkje vidarebringast ved å fortelja om det. Ved å jobba saman på tvers av generasjonar kan både unge og eldre få sjansen til å kjenna på drivkrafta i fellesskapet, på gleda ved å gleda andre, få oppleva å vera del av noko større og få erfaring med verdiane som er grunnlaget for eit inkluderande samfunn. Gjennom å skapa slike møteplassar mellom menneske kan ein frivilligsentral vera eit verdifullt bindeledd der to ytterpunkt kan foreinast.



Ein jobb for heile familien

Reint driftsmessig legg ikkje den nye leiaren opp til store endringar, men eit personleg preg vil ho kanskje etter kvart setja på den nye gjerninga si. - Ein av dei fyrste tinga eg fekk høyra då eg melde mi interesse for denne jobben, var at «Om du får denne stillinga, er det heile familien din som blir tilsett». Det tok eg på alvor. Mannen min, Tore Johannes, har alt vore med på tilstellingar med Karl Jakob Helland og gitaren sin. Det hender eg er med på nokre vers, men eg er like nervøs kvar gong. Tore Johannes er særleg glad i viser, helst lokale og med maaaange vers. Victoria nikkar. – Ja, for eksempel gamle Hålandsdalsviser eignar seg veldig godt for dette frivillig-orkesteret.

Kyrkjebladet sin reportar konkluderer:

Mange kjem til å sakna Victoria i sentralen, men det er ingen grunn til vera uroa for framtida: Med Linda Cecilie i leiinga kjem det til å svinga i Fusa frivilligsentral også i åra som kjem.



I tillegg til musikk og gardsdrift, har Linda Cecilie og ektemannen Tore Johannes også felles glede i fjellturar, her på Melderskin i Rosendal.

Foto: Privat

Fusa frivilligsentral sine aktivitetar og prosjekt:



- Bruktbuo: utsal, basarar, tysdagsklubb, turar m.m.
- Open hall for ungdom i Fjorden arena
- Ferieklubb for 1.-7.-klassingar
- Ut i naturen: Onsdagsturar og Rusleturar
- Kafétreff: Torsdagskaféen, Eik-hovdatreff og Spisevenn på Fusa vidaregåande skule
- Pasientvenner ved Fusa bu- og behandlingssenter
- Sorggruppe
- Walk and Run, sjå s.6-10 i dette bladet.
- Matgåver og Hjartetre til jul
- Tv-aksjonen

Fusa frivilligsentral

Besøksadresse: Fjord'n senter, 2. etasje (ved Politi-kontoret)
 Telefon: 56 58 01 14.
 E-post-adresse: fusa.frivilligsentral@kyrkja.no
 På nettet: fusa.frivilligsentral.no
 Frivilligsentralen har også eigen Facebook- og Instagram-profil.

Bli raskt og noko overflatisk kjent med avtroppande og påtroppande leiar.

For å bli betre kjent: Bli frivillig, eller stikk innom på kontoret i 2. etasje i Fjord'n senter

		
	Victoria Tverli Dale	Linda Cecilie Reigstad Matland
Født	15.08.1992	19.09.1974
Oppvekst	Gjerde i Samnanger og Dale i Fusa	Stamnes og Verpelstad gard i Vaksdal kommune
Bustad no	Boga	Matland på Holmefjord
Utdanning	Bachelor i HR= Human Resources og personalleiing	Allmennlærer og rådgjevar
Yrkeserfaring	Butikkmedarbeidar på Bunnpris på Flaktveit. Hjelpepleiar i Fusa kommune. Dagleg leiar i Fusa frivilligsentral.	Lærer på dei fleste skulane i Vaksdal kommune, lærar og rådgjevar på Garnes ungdomsskule, lærar på den norske skulen på Gran Canaria og på Samnanger barneskule.
Familie, inkludert dyr	Sambuar med Aleksander Næss, to barn. Nabokattar som kjem på besøk.	Gift med Tore Johannes Matland. fire barn, to bonus-barn, eitt besøksheim-barn. Familien driv gard med 14 sauer - etter lemninga blir det fleire -, seks høner, to påfuglar, ein kanin, to hundar, to kattar og fem kattungar som alle har nye eigarar på vent.
Spesielle kjenne-teikn. Desse var så like at me slår rutene saman.	Drikk ikkje kaffi, men serverer gjerne til dei som kjem innom kontoret. Engasjert i menneske og i lokalmiljøet, likar å organisera og skapa inkluderande aktivitet. Positive og løysningsorienterte. Omsorgsfulle og blide.	



Bli med på WALK AND RUN

Laurdag 1. juni kl. 12.00 – 14.30

På Tusenårsplassen i Eikelandsosen (nede ved fjorden)



Alle inntekter ved arrangementet går til å hjelpe brannskadde born og unge i Etiopia.
Kor mange born klarar vi å hjelpe i år?

Vi ønskjer velkomen til familiedag og folkefest der alle kan vere med – frå dei minste til dei eldste. ALLE kan vera med på fellesstarten – du kan springe, du kan gå, du kan ha ei hand å halde i, du kan bruke dei hjelpemiddel du har behov for.

PROGRAM FOR WALK AND RUN 2024

12.00	Opning/Appell/Eikelandsfjorden musikklag. Helsing frå ordføraren.
12.30	Bedriftsstafetten
12.50	Trillebårløp
13.10	Brannbamsen Bjørnis kjem. Bli med Bjørnis på fellesstarten.
13.30	Fellesstarten 0 – 100 år+
13.45	Koralrevane syng
14.00	Resultat av auksjonen
14.15	Dra-show- klarar du/de å dra ein lastebil?
14.30	Avrunding av dagen – diverse premieringar

Andre viktige hendingar:

- Bruktbuo har - 50% på alle varer
- Bruktbuo har lynlotteri og sal av kaffi og kaker
- Friluftsklubben Noah sel grillpølser for kr.100,- til inntekt for aksjonen
- RØFF har stand- viser førstehjelp ved brannskade
- Jan Myklebust frå Sørlandet har stand med alternativ varmekjelde i Etiopia
- Fotballdart – konkurranse for både born og vaksne

Det kan kome endringar i programmet.

WALK & RUN 2024

VIL DU STØTTE WALK AND RUN 2024?
Gåver frå kr.500,- gjev skattefrådrag.
VIPPS 90436 – Fusa sokn (Brannskadde barn Etiopia/
WALK&RUN)
Bankgiro 3530 25 86215 – Merk "Brannskadde barn"
Hjarteleg TAKK til alle som gir eit bidrag til aksjonen,
og alle som har gjeve gåver og støtte.

KOR MANGE BRANNSKADDE BARN I ETIOPIA KAN VI HJELPE TIL Å FÅ EIN NY START I LIVET?

Nokre barn og unge har svært store brannskader. Det er naturleg at dei er meir kostnadskrevjande å hjelpe. Men mange av barna har brannskader på kropp og kroppsdelar som er veldig alvorlege og som kan få hjelp for vesentleg lågare kostnader. Her reknar ein med gjennomsnittskostnad på om lag kr.10.000,-.

Difor ser vi på dette at for kvar gong vi passerer kr.10.000,- hjelper vi eit barn.

Her vil både små og store gåver kome til stor nytte og glede. Difor spør vi oss ved årets aksjon:

Kor mange barn og unge
kan vi hjelpe til å få
ein ny start i
livet?

Prisar på arrangementet:

Vi oppmodar alle om å skaffe seg sponsorar. Viss de ynskjer sponsorark, kan du laste ned det frå Fusa sokneråd si heimeside: kyrkja.no/fusa. Du kan elles få sponsorark både i Bruktbuo, frivilligsentralen og på kyrkjekontoret. Deltaking i fellesstarten (viss du ikkje har sponsorar): Vaksen kr.100,-, barn kr.50,-, familie kr.300,-.

Sekretariat: Meld deg i sekretariatet når du kjem. Der er det ein triveleg gjeng som hjelper deg med påmelding og spørsmål.

Elisabeth er ei av mange som er nyopererte i 2024

Elisabeth, 11 år, fekk ein flammeskade på 50% i desember 2023 då ei bensinkanne eksploderte. Ho vart innlagt på Burn Unit (der CBWCF held til) 3 veker etter skaden. Elisabeth måtte gjennom tre hudtransplantasjonar. På bileta ser vi Elisabeth under behandling. Vidare ser vi at ho sitt i rullestol og greier å løfte armene att – for så seinare å begynne å gå – her med gåstol. Ho kan no gå att og er skrive ut. Det går fint med Elisabeth, og ho får no ein ny start i livet etter den svært alvorlege ulukka.



Bedriftsstafetten kl. 12.30

Små og store verksemdar: BLI MED!

Påmelding til Harald Geir Sæther – e-post haraldgeir@yahoo.no eller på tlf. 41662090. Fleire har meldt seg på allereie. Det skal vere ein leiken stafett som skal vere kjekk å vere med på og sjå på! 3 deltakarar per lag. Ein må ikkje vere tilsett for å vere med på bedriftslaget, familie og venner kan delta. FLOTT VANDREPOKAL TIL VINNAREN!



Årets trillebårløp kl. 12.50

DETTE ER ACTION! Det er fellesstart. Løypa er ca. 200 meter. Ein køyrer trillebår og ein sitt oppi! Påmelding på dagen! Still gjerne med private sponsorar – eller betale deltakarcontingen kr. 200,-. Premie til vinnar og kåring av mest festlege trillebår og/eller mannskap!



Vil du møte brannbamsen Bjørnis?

Bjørnis kjem ca. kl. 13.00, og stiller på årets Walk and Run! Spring eller gå med han på fellesstarten. Her vert det musikk, kanskje dans – og fotografering!



Fellesstarten kl. 13.30

Du kan rusle, gå eller springe. Vi håpar at alle som kjem blir med, 0 – 100+ år!

Løypene er flate, og du kan velje mellom 200 meter og 500 meter, du kan ta ein runde eller mange rundar. Ei hand å halde i eller rullestol, her er alle hjelpemiddel tillat. Deltakarpremie til alle, i tillegg kårer vi eldste og yngste deltakar. Fellesstarten held det gåande til 14.30.

Auksjon

Nytt i 2024! Det vert auksjon på Facebook. Den startar laurdag 25. mai kl. 14.00 og vert avslutta laurdag 1. juni kl. 14.00. Sjå eigen artikkel på s. 9 om den.

Dra-show!

Her inviterer vi familiar, vennegrupper, verksemdar og andre til å stille lag. Tar de utfordringa? Vi skal dra ein bil på 12 tonn! Kven greier å få bilen i bevegelse? Og kor mange meter greier de/vi å dra bilen? Pris kr. 100,- pr deltakar. Delar av næringslivet er med og sponser tiltaket! Dette trur vi vert kjempespennande og veldig moro! Bli med!



Song- og musikkinnslag

Både Eikelandsfjorden musikklag og Koralrevane vert med og set sitt varme og gledelege preg på festen!

Sal

Bruktbuo er open frå 11-15. Alt til -50%! Ta ein tur innom å sjå på spennande utval og gode tilbod. Bruktbuo arrangerer også lynlotteri. Her kan du vinne fine heimelaga gevinster. Friluftsklubben Noah vert med og skaper liv, med lavvo og sal av grillpølser.

Sal av kaffi og kaker/bollar.

Gratis frukt og saft.

Fotballdart

Premiering til beste resultat – barn og vaksen i kvar sin klasse.

RØFF – Fusa Røde kors sin ungdomsorganisasjon stiller med telt og informasjon om kva ein må gjere om nokon får ein brannskade. Møt dei og få gode råd! **Jan Myklebust** arbeider med å finne gode løysingar når det gjeld oppvarming og kokemuligheter for menneske i Etiopia - **ein trygg omn utan røyk og ikkje eit bål på golvet i heimen/hytta folk bur i. Dette er viktig førebyggjande arbeid! Møt Jan og sjå løysinga!**

FESTDAG!

Dette skal vere ein familiedag og folkefest med noko for alle aldrar! Her kan ein få kose seg med å vere med – sjå på – oppleve – møte andre! Dagen vil bli prega av innslag, underholdning og show – og overraskingar av ulik art – i 2 1/2 time.


WALK & RUN 2024

BLI MED PÅ ÅRETS AUKSJON 25. mai - 1. juni Inntekt til WALK AND RUN

Årets «Walk and Run» har fått som gåver flotte kunstverk og gjenstandar frå lokale kunstnarar, næringsliv og Bjørnafjorden kommune.

Auksjonen startar laurdag 25.mai kl.14.00 og vert avslutta laurdag 1. juni kl.14.00. Auksjonen vert gjennomført på Facebook, men du kan vere med på auksjonen sjølv om du ikkje har tilgang til Facebook. Då legg du inn bod under sjølv Walk and Run laurdag 1. juni. Sekretariatet vil hjelpe alle som ynskjer å gje bod laurdag 1. juni fram til auksjonen vert avslutta.

Bruk gjerne QR-koden som du finn på denne sida. Den leier deg inn på Walk & Run si Facebook-side. Du kan også gå direkte inn på Facebook og søkje arrangementet opp med «Walk & Run 2024».



Desse objekta blir auksjonerte ut:

1. Måleri «Stjerneelv» av Heidi Skår Dale og diktsamlinga «Mellom sol og skygge – 24 sju» av Tove Rolland, illustrert av Heidi Skår Dale



Format: 56x46 cm. Måleriet er ein av illustrasjonane i diktsamlinga «Mellom sol og skygge - 24 sju»



(Publica bok 2016).
Måleriet og boka er gåver til Walk & Run frå kunstnaren og forfattaren.
Utropspris: kr 2 000,-

2. Teikning «Mann frå Stadvik» av Morten Holmefjord. Format: A4, innramma av Bergen Rammeservice. Medium: Blyant



Dette er ein illustrasjon frå ei noko havarert bygdebok om personar og lagnader i den fiktive Stadvik kommune. Forfattar er Fridtjov Urdal, illustratør Morten Holmefjord. Om dette portrettet er Lavrans (son til notebasen Eirik «Gamle-Eirik» Eriksen, av Henrik «Vingemutteren» Unheim eller tidlegare ordførar Norvald Storåsli (han som «likna på ein steinbit på lur i taren»)) - er noko usikkert. Teikninga var også utstilt på Oseana kunst og kultursenter for nokre år sidan under gruppeutstillinga «Røynda Rundt». Den innramma teikninga er ei gåve til Walk and Run frå kunstnaren.
Utropspris: kr 3 600,-

3. Fire Fusa kommune-koppar med innskifta «Detta går hivande da».

Desse koppene vert av openberre grunnar ikkje produsert lenger. Sidan dei er laga av knuseleg materiale, betyr det at dei berre blir meir og meir sjeldne og eksklusive med åra.

Dei er ei gåve til Walk and Run frå Bjørnafjorden kommune. For ordens skuld vil me nemna at koppene ikkje er tekne ut av skåpet i kantina i Kommunetunet. Dei er heilt ubrukke.
Utropspris: kr 160,-



4. Stamp med hank - 40 liter

Utsalspris kr 950,-
Utropspris: kr 600,-



5. Stamp utan hank - 50 liter

Utsalspris kr 950,-
Utropspris: kr 600,-



6. Vanntønne 115 liter

Utsalspris kr 1 450,-
Utropspris kr 1000,-
Stampane og tønna er gåver til Walk & Run frå Tønnegarden.



Kjære venner i Fusa

Vi sender vår hilsen fra Etiopia med stor takk til dere alle som også dette året bruker mye tid og krefter til planlegging av årets Walk & Run 2024.

Vi kan melde om stor klinisk aktivitet på Burn Unit i Addis Abeba siden forrige W & R i 2022, da vi har merket en tydelig trend og tilgang på mange barn med store og utfordrende brannskader. Dette reflekterer like mye et enormt behov for å styrke forebyggende arbeid mot brannskader som et klart uttrykk for at tilgangen på moderne behandlingssentre for disse skadene er stor mangelvare over alt i landet.

Mange av våre pasienter blir følgelig liggende lenge på avdelingen. Når skadene nærmer seg 40 - 50% av kroppsoverflaten, sier det seg selv at behandlingstiden med flere turer på operasjonsstua forlenger oppholdet. Men gleden er desto større når vi ser at barna kommer seg gjennom et langt sykehusopphold og kan skrives ut fri for sår og smerter.

Vi vil igjen understreke hvor takknemlige vi er for behandlingsrutinene vi har fått i stand. Alle barn mottar nå smertefri sårstell på avdelingen uten å måtte ta turen til operasjonsstua som ofte var nødvendig tidligere. Den nye ordningen har vi hatt de siste 2 årene og har helt klart forbedret behandlingen. Det er kanskje unødvendig å nevne hvilken lettelse det er for staben på avdelingen.

Det har vært tunge tak for avdelingen de siste 4-5 ukene. Avdelingssykepleier Yodit var uheldig og pådro seg et ankelbrudd for 4 uker siden og er fortsatt sykemeldt. Hun er i god bedring, men er nok ikke tilbake på avdelingen riktig enda.

For 14 dager siden ble den andre av våre erfarne sykepleiere, Sr Wubet, satt ut av spill. Uten forvarsel fikk hun plutselig sterk hodepine og besvimte. Hun var tilfeldigvis på sykehuset da ulykken skjedde og ble ganske snart lagt på operasjonsbordet grunnet en stor hjerneblødning. Sr Wubet er lam i ene siden, men er ellers

klar, våken og orientert og vil trenge en lang rehabilitering. Vi har fått god hjelp fra sykehuset i rekruttering av nye sykepleiere.

Vi vil også nevne nå at vi er i gang med å utdanne helsepersonell både i Rwanda og i Tanzania. I Rwanda har vi et samarbeidsprosjekt med Uppsala Universitetssykehus. Når det gjelder Tanzania, har anestesilege John Reidar Eriksen (sønn til Einar og Lillian-Rose Eriksen) flyttet dit sammen med sin familie. De skal bo der i to år for å følge opp arbeidet. John Reidar skal være engasjert med formell opplæring av anestesileger på sykehuset. Dette vil igjen

styrke og sikre gode rutiner for narkosen, spesielt for små barn med brannskader.

Målet er begge steder å utdanne lokalt helsepersonell – leger og sykepleiere – til bl.a å operere og drive sårstellbehandling. Oppfølging skjer ved at etiopisk helsepersonell reiser til disse sykehusene og lærer opp lokalt helsepersonell, og så kommer også de som er til utdanning til Addis Abeba og ser på arbeidet som der blir gjort. Det blir spennende å følge utviklingen med dette.

Jeg sender dere noen glimt fra et par av pasientene våre. Med disse glimt fra oss i Addis, ønsker vi dere alle gode vårdager. Lykke til med arrangementet 1. juni.

Må Gud rikelig velsigne den enkelte av dere. Takk for at dere vil huske på avdelingen vår i bønn. Det er store utfordringer, særlig for Sr Wubet som har familie med 2 barn.


Hjertelig takk.

mvh

Lillian-Rose og Einar



Biletet er tatt i 2018 da om lag 25 personer fra Fusa besøkte denne klinikken i Sør-Etiopia. Innsamla midlar frå Fusa var brukt til å få etablert denne brannskadeavdelinga. Foto: Harald Geir Sæther





BARNAS

Finn 10 fiskar

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige fiskeartar. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

T	O	M	S	I	L	P	Å
V	E	R	L	H	A	R	R
I	T	O	R	S	K	R	Ø
G	J	R	H	E	S	M	K
G	J	E	D	D	E	A	K
A	V	T	B	I	U	K	Æ
B	Ø	R	R	E	T	R	O
B	L	N	U	Q	S	E	I
O	M	F	Y	S	I	L	D
R	K	I	S	T	Å	L	V

- Doktor, eg trur eg kan sjå inn i framtida.
- Kor lenge har du hatt det slik?
- Sidan neste tirsdag.

Vitsar

- Kva kallar ein ungane til ein sau?
- Bæbyar

Finn fem feil!

Her får disiplane masse fisk. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Claudia Chiaravalloti

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!



Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller **22 08 71 00**



Labyrint

Kan du hjelpe fisken å komme seg gjennom labyrinten?



Bedehus-historier: Skulen som vart til bedehus – Foer bedehus

Tekst: Astrid Heidal

Det kvite, vesle forsamlingshuset i vegkanten på Foer er bedehuset «Betel». No for tida vert huset brukt til kristne møte, til Klubben for ungdomar og til dei faste bønesamlingane som også finn stad i andre bedehus og kyrkjer annankvar onsdag i soknet. Gruppene som samlast her er overkomeleg store, men sist det var familie-julefest i Foer bedehus, var huset sprengfullt. Det var reine kaoset.



Foer bedehus, ei kvitmåla lita støve i vegkanten mellom Fusa og Skjørsand. Her ser me ho ein vinterdag for ikkje lenge sidan. Foto: Audny Samnøy Stuen/Foer bedehus si Facebook-side

Julefest og basarar

Bedehuset på Foer var og er koseleg innreidd med nytt kjøken, gardiner i varme fargar og handarbeidde dukar på borda i møtesalen. Her skulle det vera kjekt å ha julefest! Men huttetu! Det vart kaos. Huset vart overfylt, folk måtte sitja på podiet, våte vinterklede fekk ikkje anna enn golv plass, festdeltakarane steig høgt for å koma inn, og det var altfor liten plass på kjøkenet.

Slike situasjonar er ein av grunnane til at huset ikkje er like mykje i bruk lenger. Mange av aktivitetane er flytta til nyare og meir tidhøvelege lokale. I tidlegare tider var bedehuset lokale for basarane til mange misjonsorganisasjonar. Rundt tusenårsskiftet var berre to av desse årelege basarane att. Den eine skaffa pengar til Det Norske Misjonsselskap, den andre skal syta for å dekkja faste utgifter og vedlikehald på huset.

Kommunikasjon

Det lett tilgjengelege huset ligg heilt i vegkanten ved fylkesvegen mellom Fusa og Skjørsand. Men parkeringsplassen er liten, og ligg tett inntil forbipasserande trafikk. I vinter og frost kan det vera glatt på den hellande plassen. Folk kjem ikkje lenger i båt til møte på Foer, slik som vanleg var då huset vart bygt – og lang tid etterpå. No kan dei vera med på samlingar andre stader både i og

utanfor heimbygda, og bruka mindre tid på vegen enn då folk gjekk.

Då Fusabygda fekk ny kyrkje fyrst på sekstialet, overtok kyrkjelydsalen ein del arrangement frå bedehuset. Søndagsskulen er eitt av dei. Og etter at Eikelandssosen nye bedehus vart bygt, har mange fellesarrangement for bygden blitt skipa til der. Vennestemnet som var årvisst på Foer ved påsketider, er eit døme på det.



Fusa skule på Opsalhaug på Fusa omkring år 1875. Dette var den første fastskulen i Fusa. F.v. Carl Johan Hauge som var lensmann i Fusa 1869–1904, Ole Brandanger som var lærar og kyrkjeson-gar, og Hans Christian Krüger som var landhandlar og som hadde vore ordførar i det samla Os herad 1852–55, og i det nye Fusa herad 1855–60. I døra står Kari Brandanger med dei tre eldste borna Severine Amalie, Hanna Katrine og Astrid. Lærarfamilien budde i venstre del av huset, skulestøva var i høgre delen. Skulehuset vart seld i 1918 og fekk nytt liv som bedehus på Før. Kjelde: Lokalhistorisk arkiv, Bjørnafforden

Starten

Før 1890 var det lite organisert misjonsarbeid i Fusa krins. Ëi foreining hadde likevel vore i arbeid i nokre år. Etter hundreårsskiftet livna fleire foreiningar til. Møta veksla mellom kyrkja, prestegarden, skulehuset og stova hjå Stein Øpstad. Vekkingsvinteren 1914–15 med Mons Hårvik førte til eit vaknande åndeleg liv i Fusa krins. Dei kristne vart meir ansvarsmedvitne, og arbeidet for å reisa bedehus vart teke opp.

Då krinsen fekk nytt skulehus i 1918, kjøpte Stein Øpstad gamleskulen for 2560 kroner, reiv den og bygde den opp att til bedehus på Foer. Tomt til huset kjøpte han for 500 kroner. I skøytet er det ein klausul om at eigarane av bedehuset har tomte så lenge det er bedehus der, men at huset ikkje kan brukast til andre føremål. I så fall går tomte tilbake til grunneigar. Øpstad hadde mange med seg i dette arbeidet; dugnads- og gåvelistene viser at bygdefolket støtta sterkt opp om bedehuset. Innviingsfesten ein rykande stormdag i oktober 1920 vart ei stor høgtid for eit kjærkome hus som romma 100 menneske.



Lekmann og prest

Vekkingsvinteren 1933 sette nytt mot i kristenflokken. Men soknepresten likte ikkje denne lekmannskristendomen. Det kom fram i ei preike i Fusa kyrkje. Dette var eit stort vonbrot for misjonsfolket. Men mange organisasjonar for ytre- og indremisjon har hatt sine møte i bedehuset, både for foreiningar og for ålmenta. Deira trufaste teneste har gjeve betydelege summar til misjonen. Søndagsskulen har òg hatt sin møteplass i bedehuset i mange år. Dei to bygdene Fusa og Skjørsand støtta trufast opp om bedehuset. Då det på femtitalet vart lagt inn elektrisitet, var det ikkje vanskeleg å samla inn pengane som måtte til.



Vinnes-Skjørsand strengemusikk, fotograferte hjå fotograf på Os ca.1900. Strengemusikken var knytt til bedehusa i dei to bygdene. Framme f.v. Jenny Haga (Dale), Kristina Foer (Skåtun f.1899), Lina Vinnes, Hans Haga, Kristina Vindenes. Bak f.v. ukjend, Johannes Lillelid, Kristi Lillelid, ukjend og Inger Skåtun Haga. Bildet er tatt like etter bedehuset på Foer vart reist, Me skal ikkje sjå vekk ifrå at dei underheld på innviingsfesten på den stormande oktoberdagen i 1920.

Kjelde: Lokalhistorisk arkiv, Bjørnafjorden

Fakta

Stad: Foerabygda

Namn: Betel

Byggjeår: 1919-20

Eigar: Fusa og Foerbygdens Misjonsforening

Kjelder: O.B.Skaathun, Soga for Fusa, Hålandsdalen og Strandvik. Munnleg kjelde: Gyda Haga.



I 2021 vart det halde 100 års-markering for bedehuset. Her er festbordet dekket. Markeringa vart halde fyrst i 2021 på grunn av koronarestriksjonar i jubileumsåret. Foto: Ole Stuen



I våre dagar rommar bedehuset på Foer møte og ungdomsaktivitetar. Kjelde: Foer bedehus si Facebook-side

Det er fyrste søndag etter påske. Folk finn vegen til Foer frå alle bygdene i Fusa. Dette er fast stemnedag. Misjonsfolk møtest for å høyra og dela Guds ord.

Under føremiddagsmøtet er huset stappfullt, Song og tale av ein tilreisande predikant frå Indremisjonssamskipnaden er fast program. Så kjem medbrakt mat på bordet med tilhøyrande kaffi. På ettermiddagen får møtelyden delta, både med vitnemål og misjonsgåve. Songstrofa som syng i sjela på heimvegen lyder slik: «Velsigna band som bind Guds folk i saman her.»

Kjelder: O.B.Skaathun, Soga for Fusa, Hålandsdalen og Strandvik. Munnleg kjelde: Gyda Haga.

Teksten var fyrst trykt i Os og Fusa-posten 27.01.1999, og er her noko redigert og nedkorta.



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend
Tlf.: 96 92 46 50
post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no



Fusa
Ferdigbetong as

5640 Eikelandssøsen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

FARGERIKE
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjelle.no

SPAR



Fusa

Man-fre 07-21

Lørdag 09-20

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Eide

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A

STRANDVIK
Transport og Maskin AS
5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592

Norheimsund
TRYKKERI AS

Tlf. 45 85 32 46
post@nhstrykk.no

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Grafisk design og trykkeri

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s
PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSØSEN



BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandsofen@bunnpris.no



Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

SPAR

Eikelandsosen

Opningstid **8-21**

Laurdagar **9-20**

Tlf. 56 58 00 90

SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN

Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historiefremming på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ
OMSORG VED LIVETS SLUTT
DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER/FRAKTFRI TTIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Hordaland A/S Rørteknikk

56 58 09 90 hordalandrørteknikk.no

post@hrt.as Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

Vi er til hjelp
for deg og de
nærmeste i tiden
etter at en nær
slekning eller
venn har
gått bort.
Du skal vite at
du kan kontakte
oss når som helst,
dag eller natt. Vi
har alltid tid til å
hjelp deg!

En verdig og trygg avskjed



BJØRNAFJORDEN
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inng. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no

HERBALIFE ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

- Med produkter for:
- vektkontroll
 - vitalitet og overskudd
 - kosttilskudd for trening og idrett
 - hud- og kroppspleie
 - inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!
Spør etter gratis prøvepakke,
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

https://signeg.goherbalife.com/nn-no

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma



Verdiåret 2024 i Bjørgvin - Aktuelle verdiar frå gamal tid

Tekst: Den norske kyrkja, Bjørgvin bispedøme.

Lokale opplysningar er lagde til av kyrkjebladredaksjonen.

I 2024 feirar og markerer vi to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. I Bjørgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i.

I kyrkjene i Bjørgvin vil verdiåret bli markert på pinsedag, 19. mai. I Fusa sokn blir det denne dagen høgtidsgudsteneste i Fusa kyrkje kl.11.

Verdiåret 2024 er ein del av ein ”jubileumsstafett” med ulike markeringar frå 2021 til 2031. Eit anna høgdepunkt i denne stafetten er året 2030. Då vil det bli markert at det er tusen år sidan slaget på Stiklestad, då vi feirar at Noreg har vore eitt rike i tusen år.

Kristenretten 1024

Under mottoet ”Feira fortid - forma framtid” vert det markert at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Det er eit jubileum for heile landet med særleg fokus på barn og unge. Hovudmarkeringa på Moster 29. mai - 2. juni 2024 vert ein fest for alle.

Magnus Lagabøte si landslov 1274

I 1274 samla Magnus VI for første gang heile landet under ei lov. Magnus fekk tilnamnet Lagabøte, «den som reparerer lovene». Landslovsjubileet er landsdekkande, og biskopen i Bjørgvin er medlem av hovudkomiteen for Landslovsjubileet i Vestland. Ho inviterer sjølv til seks temakvelder i Bergen domkirke.

Guds fire døtre

Omgrepet ”Guds fire døtre” eller ”Dei guddomelege søstrene” er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseiing der lova var uklar, skulle verte høyrte for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettferdig: Miskunn, rettferd, sanning og fred. Biletet av dei fire søstrene er henta frå Salme 85 i Bibelen, der det heiter at miskunn og sanning skal møte kvarandre, rettferd og fred skal kyssa kvarandre. Miskunn skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i dommen; sanninga må verte høyrte så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt, rettferda skal sjå til at urett ikkje gjer skade på dommen, og fred skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vrede.



Guds fire døtre, slik dei er framstilt av Anne Hesvik. Kunstnaren er busett i Strandvik. Foto: Bo Mathys



Moster gamle kyrkje. Tusenårsjubileet for kristenretten på Moster blir markert både på Moster og i kyrkjene i bispedømet. Foto: Moster amfi/ Abstract media

TV-serie om hendinga som forandra Noreg

«Hendelsen som forandret Norge» er tittelen på ein ny, underhaldande og opplysende mini-serie med Farnen-presten, Thor Haavik, som programleiar. I tre episodar følgjer vi han frå vikingtida til vår tid for å sjå på konsekvensane av at landet fekk ei ny rettsordning – «kristenretten» på Moster for 1000 år sidan. Det er laga undervisningsmaterieill for ulike aldersgrupper knytt til denne serien.

Verdiseglas med verdisamtalar

Verdiseglas 2024 er ei pilegrimsferd i fleire etappar langs Kystpilegrimsleia frå Sokndal/Egersund til Nidaros. Ungdomar deltek i verdisamtalar inspirert av “Guds fire døtre” og omgrep som makt, likeverd og demokrati. Samtalane skal føra til råd for framtida som vil bli lagt i Kystpilegrimskista som verdibrev til Nasjonaljubileet Norge 1000 år og preses i Den norske kyrkja. Olavselden i jubileumsstafetten fram mot 2030 følgjer seglasen frå start til slutt.



Verdiseglasen vil ta med seg verdibrev frå unge langs Vestlandskysten. Foto: Vestland fylkeskommune

Etappar:

- Frå Moster til Bergen og opning Magnus Lagabøte-utstilling 21. mai
- Frå Sokndal/Egersund til jubileumshelga Moster 2024 den 1. juni
- Frå Bergen til Gulatinget og vidare til Kinn/Selja til feiring av Seljumannamesse 1000 år 6.- 8. juli,
- Frå Selja til Smøla og vidare til Nidaros 27. juli - Nasjonaljubileet Norge 1000 år og Olavsfest
- Les meir om verdiåret 2024 på bispedømet si nettside <http://kyrkja.no/bjorgvin/2024>

SIÅ TV-SERIE og SAMTAL OM VERDIAR



I TV-serien «Hendelsen som forandret Norge» tar «Farmen-prest» og influensar Thor Haavik oss med tilbake til då kristenretten blei innført for 1000 år sidan.

I samtalar med fagfolk, bl.a. sosiolog Harald Eia, advokat Geir Lippestad og historikar Jørn Øyrehagen Sunde leitar han etter svar på korleis innføringa av kristenretten i 1024 har gjort Noreg til det landet vi kjenner i dag. Serien har tre episodar på ca. 20 minutt og er produsert av TV Inter, i samarbeid med Tro og Medier, og er finansiert av Kyrkjerådet og Bjørgvin bispedøme.

På Bjørgvin bispedøme sine nettsider finn du også samtale- og undervisningsopplegg knytt til denne serien. Skann QR-koden, sjå episodene og bruk dei til gode samtalar!

www.kyrkja.no/bjorgvin/2024



Skann QR-koden
for filmar og
samtaleopplegg



KONSERT

MAGNOLIA JAZZBAND

med MAJKEN CHRISTIANSEN og MORTEN GUNNAR LARSEN

**Hålandsdalen kyrkje fredag
31. mai kl. 19.00**

Billettpris: kr. 350,-

Førehandssal hjå. Olaug Bjørndal, tlf. 482 61 757

– ring eller send melding. Vipps.

Tips: 3 rettars middag – Floren Mat og Kultur, Eidegrend Klyngetun
– etter konserten. Tlf. 930 32 282

Arr: Bygdautvalet i Hålandsdalen og Fusa sokn
Sponsa av næringslivet nær oss

Velkommen til

Konsert med Henning Sommerro

i Hålandsdalen kyrkje fredag 23. august 2024

Henning Sommerro er en av landets mest allsidige musikere. Han er komponist, organist/pianist, sanger og professor ved NTNU og har skrevet viser, kammermusikk, kor- og orkestermusikk, kirke-, opera-, film- og teatermusikk.

Sommerro er også bidragsyter og brobygger innen improvisasjonsmusikk, samt formidler og arrangør/samler av folkemusikk. Dessuten er han en lun humorist!

Henning Sommerro har turnert i Europa, Midtøsten og USA. Han har medvirket på utallige CD'er, mottatt flere spellemannspriser o.l., og har vært nominert til nordisk råds musikkpris og Grammy. I 2013 ble han utnevnt til kommandør av St. Olavs orden.

Sommerro har mottatt komposisjonsbestillinger fra Sverige, Danmark, Skottland, USA, England, Spania, Russland, Slovakia, Polen, Estland, Jordan, Tyrkia og Frankrike.

Foto: Lasse Berre



 DEN NORSKE KYRKJA
Fusa sokn

Arrangørane Fortidsminneforeininga - Bjørnafjorden lokallag og Fusa sokn er glade for at han denne sommaren kjem til Hålandsdalen, og at lokalt næringsliv sponsar konserten.

**Hålandsdalen kyrkje fredag
23. august kl.19.00. Billett-
pris: kr 350,-**

Kjøp billett ved døra eller gjennom førehandssal hos Olaug Bjørndal, tlf. 482 61 757 - ring eller send melding, og betal med Vipps.

 Fortidsminneforeininga
Bjørnafjorden lokallag



Kyrkjelydsweekend i Sætervika hausten 2024

Set av helga 15-17 November allerede no.



Foto: Fusa sokn

Me ynskjer å samle alle aldersgrupper i Sætervika. Denne helga vert det opplegg for heile familien.

Program:

- Friluftsliv/leik
- Hobbyaktivitetar
- Avslapping
- Underhaldning
- Utflukter for dei som ynskjer det
- Samlingar
- Musikk og song

Me kjem attende med opplysnigar om pris.

Påmelding til kyrkjekontoret.
Tlf: 56580181
Epost: post.fusa@kyrkja.no

Nye benkar ved kyrkjer og på gravplassar

Denne våren har Bjørnafjorden kyrkjeleg fellesråd spandert nye benkar ved somme av kyrkjene og gravplassane våre. Dei er stilige, solide, vedlikehaldsfrie og framfor alt: gode å sitja på. Prøvesit dei gjerne dersom du finn ein av dei ved kyrkja eller gravplassen du besøker. Denne står utanfor kapellet i Sævareid.



Foto: Toril Hjartåker Hauge

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandssosen
Alt innen malerarbeid og tapetsering
Tlf. 90 80 15 38

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris

Ring 406 11 817

Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no



Gudstenester i Fusa sokn

17.05.2024 – 22.09.2024

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
17.05.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	17. mai
19.05.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Pinsedag
20.05.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2. pinsedag
26.05.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Treeiningssøndag
02.06.	16:30	Eikelandssosen bedehus	Familiemix	2. søndag i treeiningstida
09.06.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Lekmannsgudsteneste	3. søndag i treeiningstida
16.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i treeiningstida
23.06.	11:00	Strandvik kyrkje	Lekmannsgudsteneste	5. søndag i treeiningstida
23.06.	16:30	Sundvor kyrkje	Lekmannsgudsteneste	5. søndag i treeiningstida
30.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Aposteldagen
07.07.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	7. søndag i treeiningstida
21.07.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	9. søndag i treeiningstida
28.07.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	10. søndag i treeiningstida
29.07.	18:00	Holdhus gamle kyrkje	Gudsteneste	Olsok
04.08.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	11. søndag i treeiningstida
11.08.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	12. søndag i treeiningstida
18.08.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	13. søndag i treeiningstida
25.08.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	14. søndag i treeiningstida
25.08.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	14. søndag i treeiningstida
01.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	15. søndag i treeiningstida
08.09.	11:00	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	16. søndag i treeiningstida
15.09.	12:00	Eikelandssosen bedehus	Ungdoms gudsteneste i samband med leir	17. søndag i treeiningstida
22.09.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	18. søndag i treeiningstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå Kyrkjebøkene



Dåp

Fusa kyrkje

25.02.2024 Emma Midtrød Hanstveit

14.04.2024 Stella Mundheim Vikøren

Sundvor kyrkje

03.03.2024 Ida Eide Bru

Strandvik kyrkje

03.03.2024 Marius Ragnhildstveit

Sævareid kapell

29.03.2024 Sofie-Louise Hjørnevik



Gravferd

Fusa kyrkje

05.03.2024 Frank Boge, f. 04.05.1970

18.04.2024 Ole Johannes Lundervik, f. 07.01.1944

30.04.2024 Kai Erik Holmefjord, f. 21.04.1987

Strandvik kyrkje

29.02.2024 Per Kristian Vik, f. 27.08.1947

27.03.2024 Astrid Kvåle, f. 22.08.1937

03.05.2024 Jarle Gjelland, f. 19.11.1972

Hålandsdal kyrkje

28.02.2024 Torhild Skjelbreid, f. 22.03.1932

Sundvor kyrkje

11.04.2024 Olaf Karsten Markhus, f. 02.04.1943

12.04.2024 Hans Audun Yddal, f. 03.02.1953

25.04.2024 Audun Johan Lygre, f. 27.04.1936

26.04.2024 Helga Samnøen, f. 03.06.1921



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Tradisjonen tru vart **2. påskedag** feira ute, og det kunne ikkje bli ei finare ramme rundt friluftsgudsteneste ved Hafskorsvatnet i år. Om lag femti personar i ulike aldrar var til stades og fekk ta del i salmesongen og påskebodskapen. Gud, du er midt iblant oss. Du omgjev oss på alle sider. Hald oss i di hand!



Foto: Ingebjørg Gjør

Fredag 12.april kom *Louisiana Washboard Five* tilbake til Hålandsdalen og fekk det til å svinga i kyrkja på Eide. Even Engevik Lygre var med dei som gjestemusikar. Det gjorde jazzen ekstra glad.



Ketil Sæthre på trompet.



Rolf Seldal handterer vaskebrettet som gruppa har tatt namn etter.



Even Engevik Lygre på gitar.



Foto: Willy Hauge

Søndag 17. mars heldt tre kor ettermiddagskonsert i Strandvik kyrkje med fri entré, og høve til å gje kollekt til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Her ser me to av kora: blandakoret *Sine Nomine* framme i koret, og *Fusa kyrkjekor* på galleriet. Os *mannskor* var det tredje koret.



Foto: Ingebjørg Gjør

Laurdag 6.april var det konsertdag i Eikelandsosen bedehus. *Familien Løsneløkken* kom og fortalde om prosjekta dei driv gjennom organisasjonen **Håpets stjerne = star of hope** som kjempar for å gje barn i fattige land ein god start i livet. Etter øving med Fjord'n barnekor, held dei felles konsert, open for alle.



Familien Løsneløkken:
Lena, David, Ester, Johanne og Ragnar.

Foto: Ingebjørg Gjør

S
i
d
a
n

S
i
s
t